



Kjetil Dagestad og Kristian Bringedal med fotografia etter at dei var innramma. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Med det aller første vil ein interessant kolleksjon av bilete teke av fotograf Kåre Tietz Nordahl frå Balestrand bli hengt opp i Gamleskulen. Kjetil Dagestad er no ferdig med innramminga av bileta, som er i formatet 30 x 40 centimeter og av svært god kvalitet. Dei viser ikkje berre sentrale stader i bygda, det er også innslag av bilete som er teke oppe i dalen.**

Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedal Utvikling står bak prosjektet som omfattar tilsaman 14 fotografi. Truleg er alle teke i 1953, men ein er noko i tvil om eit luftfoto som i motsetnad til dei andre ikkje er teke av Nordahl. Bileta er utan unntak henta ut frå det unike biletarkivet til ungdomslaget. Dei er sendt digitalt til Atle Helland, som har printa dei ut.

Men kven var så fotograf Nordahl? Som fleire andre omreisande fotografar må han ha likt seg i Uskedalen, der han budde på Larsens Pensjonat. Der kunne også andre gjester mange år etter opphaldet studera bileta hans, som var samla i ein album. Om han var i Uskedalen også andre gonger enn sommaren 1953 veit vi ikkje, men kanskje andre gjer det?

Kåre Tietz Nordahl var fødd i 1905 og han var son av den tyske fotografen Carl Tietz. Kåre fekk norsk statsborgarskap og skifta namn til Nordahl etter farens død i 1934. Han var utlært hos faren og overtok firmaet etter han.

Under krigen var Kåre ein ivrig norsk patriot og vart mishandla av sine tidlegare landsmenn. I et fotografleksikon kan ein lesa at "dette hadde innflytelse på hans syn så han av den grunn måtte avvike sin forretning i 1975".

Han dreiv ikkje berre med fotografering, han hadde også kunstforlag og turisthandel og selde andre fotografiske artiklar. Og så hadde han meteorologisk stasjon ved Sognefjorden!

Ein gjer seg ein spesiell refleksjon når ein studerer Nordahl-bileta frå 1953: At det var så lite vegetasjon i Uskedalen den gongen samanlikna med no!

Andre vil finne andre interessante trekk ved bileta når dei kjem opp i Gamleskulen.

Kanskje blir det også lagt opp til sal av bileta, men først etter at opphavsretten er klarlagd.

Av Ola Matti Mathisen



Eitt av dei unike fotografia som vil koma opp i Gamleskulen til veka viser badeliv på Neset i 1953!